



FAGFORBUNDET

Handlingsplan 2024 - 2025

**for Fagforbundet Stryn
avdeling 12**

Behandla av årsmøtet 24.01.2025

Innleiing

Handlingsplanen handlar om målsetjingane til Fagforbundet for 2024 - 2025. Det vil seie at fagforeininga har to år på å oppnå målsetjingane. Dette gjev moglegheit for å ha eit lengre perspektiv på arbeidet. Det vil likevel vere slik at planen per år vert sett i samanheng med dei årlege budsjettvedtaka. Handlingsplanen til fagforeininga er årsmøtet sitt oppdrag til fagforeiningstyret for kommande periode. Handlingsplanen byggjer på Fagforbundet sitt Prinsipp- og Handlingsprogram, Fagforbundet sin strategiplan for 2024 – 2025, samt andre vedtak fatta i overordna organ.

Handlingsplanen er fagforeininga sitt styringsverktøy og skal mellom anna bidra til at fylkeskretsen sine fagforeiningar lykkast med å nå måla. Måla i handlingsplanen er formulert slik at det skal vere mogleg å måle om dei vedtekne målsetjingane er oppnådd. Derfor er planen utforma med konkrete, tidsette og realistiske tiltak. Måloppnåinga i handlingsplanen føreset at fagforeiningane i fylkeskretsen gjennomfører aktivitet i tråd med fatta vedtak på overordna nivå.

Handlingsplanen dannar grunnlaget for fagforeininga si utarbeiding av strategiar og tiltak i perioden. Planen vert sett i samanheng med årsmeldinga frå forrige periode.

Kostnadane som følgjer av handlingsplanen vert konkretiserte i budsjettet til fagforeininga.

Utfordringa er at medlemmar vegrar seg for å ta på seg verv. Det fører til at vi har medlemmar som har fleire verv, som igjen fører til at det blir meir arbeid på dei som har fleire verv. Vi oppmodar medlemmane våre til å ta på seg verv om dei blir spurt.

HTV Lone Frøholm Kvamme har vore borte i periodar og vi har løyst det på denne måten:

- Tone Almenning har møta som vedrører Helse/ sosial og Kontor/ administrasjon.
- Trine Hegna har møta som vedrører Kyrkje, kultur og oppvekst.
- Eivind Tønning har møta som vedrører Samferdsel og teknisk.

Strategiplanen 2024 - 2025

Strategiplanen er landsstyret si prioritering av arbeidet i heile organisasjonen. Eit hovudmål for Fagforbundet er auka tariffmakt. Det gir oss styrke til å ivareta medlemmane sine interesser overfor arbeidsgjevarar og i samfunnet.

Følgjande område er prioritert:

1. Heiltid, likelønn og kampen for mindre forskjellar
2. Gode offentlege tenester med eigne tilsette
3. Organisasjonsbygging og tariffmakt
4. Fag- og tenesteutvikling
5. Alliansebygging, myndigheitskontakt og faglegpolitisk påverknadsarbeid
6. Digitalisering

Heiltid, likelønn og kampen for mindre forskjellar

Hovudmål 2024-2025

- Fleire kommunar har starta arbeidet med å etablere ein heiltidskultur
- Færre jobbar deltid, og fleire av medlemmane i Fagforbundet har heile, faste stillingar
- Lønnsgapet mellom kvinner og menn skal bli mindre
- Forbetre og trygge pensjonsrettane til medlemmane. Målrrette innsatsen i privat sektor og tariffeste kjønnsnøytrale og livsvarige pensjonsordningar
- Trygdeoppgjer har ein god sosial profil

Fagforeininga sitt mål:

- Få arbeidsgjevar til å lyse ut 100% stillingar i staden for deltidsstillingar, det har vi i stor grad allereie oppnådd
- Drøftingsmøte med arbeidsgjevar der deltidsstillingar og utlysing av stillingar er tema. Gjennomgang av medlemmar som kan ha krav på fast stilling etter AML kapittel 14.
- Forhandlingsutvala må få tilbod om forhandlingskurs
- Det vart i 2024 landa avtale om årsturnus

Gode offentlege tenester med eigne tilsette

Hovudmål 2024-2025

- Konkurransenutsetting, privatisering og sosial dumping vert bekjempa gjennom påverknadsarbeid, kartlegging, kunnskap og opplæring
- Offentleg finansierte tenester er ikkje konkurransenutsett, og ein større del av tenestene i kommunar, fylkeskommunar og i helseføretak vert drivne med eigne tilsette

Fagforeininga sitt mål:

- Vi har gått i frå å bruke store resussar på vikarbyrå til nesten null bruk av vikarbyrå. Drøfte bruken av vikar og vikarbyrå med arbeidsgjevar
- Informere og stille spørsmål i Administrasjonsutvalet, og i trepartssamarbeidet

Organisasjonsbygging og tariffmakt

Hovudmål 2024-2025

- Styrka tariffmakt i KS-området
- Auke tal lærlingmedlemmar
- Auke tal studentmedlemmar
- Tillitsvalde benyttar forbundet sine ulike kommunikasjonsplattformer i arbeidet
- Tillitsvalde har kompetanse og verktøy til å utøve verva sine

Fagforeininga sitt mål:

- Kartlegge vervepotensialet på arbeidsplassen, skaffe oversikt over lærlingar/studentar og nytilsette. Verving av medlemmar jobbar vi med kvar dag. Vi hadde Vervekampanje i vår, vi skal vere synlege og lage arrangement til medlemmane våre
- Vi vil ta i bruk KLAR, verktøy for plasstillitsvalde for å kunne få lettare oversikt over kva medlemmar dei har ansvar for
- Informere og marknadsføre organisasjon og tariff

Fag- og tenesteutvikling

Hovudmål 2024-2025

- Prioriterte yrkesgrupper og område vert synleggjort
- Fleire medlemmar får tilbod om relevant kompetanseheving.
- Talet på læreplassar samsvarar med arbeidsplassen og samfunnet sitt behov
- Fagforbundet er ein aktiv aktør i klimapolitikken og medlemmane tek del i det lokale klima- og miljøarbeidet

Fagforeininga sitt mål:

- Medlemmane får tilbod om fagbrev og kurs
- Vi har lærlingar i nesten alle ledd
- Yrkesfagleg kompetanseutvikling til plasstillitsvald etter Hovudavtalen
- Lærling og læreplass skal vere tema på møte med arbeidsgjevar og frikjøpt tillitsvald.
- Vi jobbar mot ei berekraftig utvikling og formidlar til medlemmane at alle må tenkje på miljøet

Alliansebygging, myndigheitskontakt og faglegpolitisk påverknad

Hovudmål 2024 - 2025

- Engasjere medlemmar og tillitsvalde til å fremje politikken til Fagforbundet
- Fleirtalet av Fagforbundet sine medlemmar skal bruke stemmeretten i Stortingsvalet i 2025, og stemme på parti som støttar måla og arbeidet til forbundet
- Bygge kunnskap og alliansar for klima- og miljøsaka på nasjonalt og lokalt nivå
- Ha eit godt samarbeid med parti som deler ideologien og verdiane til Fagforbundet

Fagforeininga sitt mål:

- Halde fram samarbeidet med dei politikarane som har same politikk som Fagforbundet
- Påverke partiprogram ved å informere om kjernesakene til Fagforbundet
- Samarbeide med organisasjonar

Digitalisering

Hovudmål 2024 - 2025

- Nasjonal/offentleg skyteneste vert vedteken
- Digitale løysingar i offentleg sektor er integrerte i partssamarbeidet
- Det er sett i gang arbeid for å motverke digitalt utanforskap
- Forbetra digital kompetanse hos tillitsvalde
- Tillitsvalde har enklare tilgang til relevant informasjon og verktøy for å utøve vervet

Fagforeininga sitt mål:

- Sikre opplæring i aktuelle program
- Tilby kurs
- Delta på digitaliseringsmøte
- Sende tillitsvalde på kurs
- Tillitsvalde vil få det enklare når KLAR er oppe og går